


NR. 7

DESEMBER 1994

27. ÅRG.



*Eg kjem
med bod til
dykk om ei
stor glede
som skal
timast alt
folket. I dag
er det fødd
dykk ein
frelsar i
Davids by;
han er
Kristus,
Herren.
Lukas 2, 11-12*

Det skjedde i de dager

AV TRYGVE JOHANSEN

Julefortellingen starter slik: «Det skjedde i de dager.» Det er tunge dager det her er tale om, for en fremmed makt har lagt sin harde jernhånd over det landet der julenatten bryter fram. Det er fornedrelsens, usikkerhetens og angstens dager det er tale om. Det er altså i disse dager det skjer et under i Betlehem. Josef drar fra Nasaret i Galilea opp til Judea, til Davids by Betlehem, siden han var av Davids hus og ætt, for å la seg innskri-ve sammen med Maria, sin trolovede, som venter barn. Mens Josef og Maria er i Betlehem, kommer tiden da Maria skal føde. Hun føder en sønn, sin førstefødte, svøper ham og legger ham i en krybbe i en stall, for det er ikke plass til dem i herberget.

Det finnes et fint maleri av Jesubarnet, Maria og Josef i stallen. Det er midnatt, men stallen er likevel fylt av lys. Et forunderlig lys lyser over ansiktet til Jomfru Maria, så de fine trekkene i ansikt kommer klart fram. Lyset lyser også over Josef, så vi ser klart forventningen i hans ansikt. Hele stallen er opplyst i hver en krå. Hvor kommer lyset fra? Det kommer fra Jesubarnet i krybben. Han er lyskilden, som lyser opp hele stallen på dette maleriet. Jesubarnet er altså midtpunktet i stallen. Ja, ikke bare i stallen, men Jesus er midtpunktet i hele verden, for han er verdens frelser.

Da Jesus ble født, var det ikke rom for ham i Betlehem. Vi undrer oss over at Jesus blir født i en stall. Josef og Maria har lenge gått rundt og lett etter et rom som de kunne ha til fødselen, men ingen har noe rom å leie ut. Ingen har plass til Jesus, selv om det var mange rom i Betlehem på den tid. Maria og Josef må derfor nøye seg med en stall til Jesubarnet. Det må ha vært en underlig følelse for Maria og Josef at det ikke var plass til verdens frelser her i verden. Det er forunderlig at det ikke fantes en eneste seng til ham, så måtte han nøye seg med en krybbe i en stall. Krybben var elles i bruk som førkasse når husdyrene skulle få seg mat. Verdens frelser kommer altså til jord under svært fattige forhold. Det viser julebudskapet klart og tydelig.

Etter julenatten i Betlehem er ikke verden lenger den samme som før. Engelen synger om underet som har skjedd, og gjeterne bringer budskapet videre. Julenatt har forandret vår jord på den måten at menneskene har fått et budskap om fred og frelse. Julefortellingen er kalt for verdens vakreste fortelling. Dessuten er det den viktigste, for den forteller om Frelseren, som er født på vår jord. Utallige mennesker har festet lit til dette budskap og satset sitt liv på det.

Det gir håp for framtiden.

Velsignet julehøytid!

Julefestar

HAUGLAND BEDEHUS

28. desember:

Julefest v/Søndagsskolen kl. 17.00. Andakt v/Eva Bognøy.

6. januar:

Julefest v/Indremisjonen kl. 18.00.

YTRE ARNA BEDEHUS

28. desember:

Julefest for heile familien kl. 17.00. Alle er velkomne!

Arr.: Søndagsskolen

7. januar:

Julefest v/Indremisjonen kl. 18.00. Tale v/Kjell Nese.



KYRKJELYDSHUSET

Indre Arna

Onsdag 28. desember:

Kl. 18.00 vert det julefest i Kyrkjelydshuset. Vi skal gå om juletre og syngja nye og gamle julesongar. Leikar. Andakt. Ta med julebakst. Kaffi, te og saft får du. Alle små og store er velkomne.

Arr.: Arna Kyrkjekor.

INDRE ARNA BEDEHUS

Julefest i Indre Arna bedehus søndag 8. januar kl. 17.00. Tale av sokneprest Harald Sundsbø. Song og musikk. Bevertning. Gang om juletreet.

Arr.: Indre Arna Indremisjon
Du er hjarteleg velkommen!

Søndagsskolen og Barnerøster arrangerer familiefest i Indre Arna bedehus 27.12. klokken 17.00. Andakt ved Ingrid Helland. Program og song ved Barnerøster og Søndagsskolen. Juletrengang og bevertning.

Julekonsert i Ytre Arna kyrkje

søndag 18. desember kl. 19.00.

Arne Musikforening

Ytre Arna barne- og ungdomskor

Ytre Arna kyrkjekor

Arna Sangforening

Solist MARIANNE JUVIK SÆBØ

Sokneprest Kjell Nese

Inngangspengar kr. 50,-. Born under 16 år gratis.

Arr.: Arna Sangforening

Et år i Herrens tjeneste

Det å være ettåring i Arne er både spennende og utfordrende, sier Målfrid Bjella som kom til Arna i høst. Hallingsdaljenta Målfrid er 21 år og ferdig utdannet aktivtør, noe som kommer godt med i arbeidet.

I kyrkjelyden har hun ansvar for Keryx, Arken, skolelaget på Garnes Ungdomsskule, Klubben for psykisk utviklingshemmede og deltar dessuten på en rekke møter og utvalg. I tillegg er hun leder på et lederkurs for KFUM/KFUK i Arna/Åsane og har vært med på samlingene for dåpsopplæringen.

En ulempe når en skal drive ungdomsarbeid i Arna er at Bergen ligg så nært, det kan til tider være vanskelig å holde på når så mange reiser en tur til by'n. At gudstjenesten er viktig i kyrkjelyden, og at ungdomsarbeidet trekkes inn, synes Målfrid er svært viktig, «positivt at prest/kateket er bevisst på dette området», avslutter hun.

Sturle Monstad

Målfrid Bjella.



blekka

Temat
IDRETT

Nr. 11 høsten '94, 3. årgang
Torsdag 10. november
Arna og omegn kr. 3,-
Verden forøvrig kr. 9,90,-



Sure sokker og svette kropper

BLEKKA

Med utspring i Keryx miljøet er «Blekka» ei internavis for ungdomsarbeidet i Indre Arna Kyrkjelyd. «Blekka» har eksistert i 3 år og inneholder bl.a. reportasjer, andakt, tema-sider, humor og informasjon om det som skjer for ungdom. Vi skal starte med abonnement til 100 kr. halvåret og vil du først bli kjent med «Blekka» gir vi deg jule-nummeret. Send bare et brev med navn, adresse, tlf.nr. og et frimerke til:

Blekka
Borgstova
Lakslia 14 5260 INDRE ARNA

«Stasjon mellom idrett og kirke»

KRIK har starta opp med lokallag i Arna. Forkortinga står for Kristen Idretts Kontakt og i formålsparagrafen står det bl.a.: «KRIK ønsker å bevare, inspirere, og vinne idrettsfolk til kristenliv.» Kjell Helge Kleppestø som er primus motor i laget sier: «KRIK går på tvers av idrettsgrener, idrettsklubber, kirkegrener, prestasjonsnivå og alder. Vi ser på oss som en mellomstasjon mellom idrett og kirke — ikke som en egen menighet eller et idrettslag.»

På samlingene har gymsalen på Garnes Ungdomsskule blitt brukt til fotball, innebandy, basket, styrketrening mm. I tillegg til dette er det mulig det blir fjellturur, brevandring, rafting, alpinturer og telemarkkurs. På treningene er det alltid satt av tid til en andakt el.

Den siste helga i oktober var 6 personer fra KRIK-Arna på Toppidrettssenteret i Oslo der KRIK sentralt arrangerte kurs/landskonferanse. Her fekk dei møte mange fra andre lag og fekk inspirasjon til videre arbeid. Bjarte Grøteide (kasserer), forteller at dei lærte mye som dei kan få bruk for i Arna laget. — Vi hadde workshops der emna var økonomi, sjelesorg, forkynnelse, KRIK-Villmark, oppstart av nye lag mm. Dei 6 som reiste fekk 1500 kr i støtte fra Soknerådet til dekking av utgiftene. — Kjempefint, seier Bjarte, — Vi er takknemlige for den oppfølging Soknerådet viser. Tusen Takk!

Kontakt med andre lag er og viktig. KRIK Os var utfordret til volleyball turnering den 26 nov. og stilte mannsterke opp på Garnes. Etter mye bra spill der tilslutt et av hjemmelagene vant, var det felles middag i Kyrkje-



Styret i KRIK Arna, fremme fra v.: Jon Solvang, Elin Halsvik, Bjarte Grøteide, Kjell Helge Kleppestø.

lydshuset og kvelden ble avsluttet med Humorkveld i regi av Nattcafeen.

I høst har KRIK bare vært for de over 18 år, men etter nyttår utvides tilbudet med en gruppe for de mellom 15 og 17 (9end-2re klasse). KRIK prøver å få til et sosialt og uformelt miljø der dei som likar litt mosjon skal kunne føle seg hjemme.

Sturle Monstad

Forsidebildet på dette nummeret av Kyrkjelydsbladet er en sort/hvit-kopi av et fargerikt julekort utgitt av Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag. Disse kortene selges i de kristne bokhandlerne og på Lagets kontorer.

10 KRONER REKKER TIL Å PLANTE ET TRE I MALI
20 KRONER ER NOK TIL EN ØYE-OPERASJON I NEPAL
150 KRONER SKAFFER EN TØRKERAMMET FAMILIE I ERITREA MAT I EN MÅNED
300 KRONER KAN GI EN UNGDOM I ET SALVADOR HJELP TIL UTDANNELSE

KIRKENS NØDHJELP

POSTBOKS 5868 HEGDEHAUGEN, 0308 OSLO.
POSTGIRO: 0805 5201405.
BANKGIRO: 6046.30.09530.

«Men gleden er et annet sted»

AV ASLE FINNSETH



«Forbrukersamfunnet som etisk utfordring» er en utredning som blei lagt fram for Bispemøtet høsten 92. Kirken retter her et kritisk søkelys på konsumkulturen og vil skape grobunn for endringer ved å gjøre vårt forbruk mer miljøbevisst. Asle Finnseth har skrevet en oppfølgingsbok utgitt av Kirkens Nødhjelp der tankene fra utredningen blir satt rett inn i vår hverdag og den verden vi lever i.

I motsetning til det som kanskje er vanlig er ikke dette en bok som skal gi oss dårlig samvittighet i juletiden, men den begynner med: «Dette er ikke en bok om å ta seg sammen.» Neste avsnitt åpner med: «Den er, snarere, en etterlysning av livsglede.» Disse

to setningene er bokens innhold i et nøtteskall, den spør hva vi har mistet i kjølvannet av vår økende velstand og viser hva vi sitter igjen med når reklamen har blottlagt våre svake sider og vi har kjøpt oss bøtemidler.

Videre handler den om relasjoner i forhold til medmennesker og til Gud.

Boken er lettlest og illustrert med både kommersiell reklame og sarkastiske «Ubetalelige Produkt» som er reklame for bla stillhet og kjærlighet. Den prøver ikke å være en fasit for et «riktig liv», men kommer med råd og eksempler på retninger vi kan gå.

Både ungdom og eldre vil kunne ha nytte av denne boken, og finnes det noen bedre tid til å gi den enn nettopp til jul?

Sturle Monstad

Ta imot og gje vidare

Lat oss ikkje gå og vente lenger!

Guds son er jo fødd til verda. Det hende medan Kviriinius var landshovding i Syria. Du har heilt sikkert høyrte om denne hendinga!

Før Jesus vart fødd, då venta dei. Profetane grunna og forska og freista å finne ut kva tid Messias skulle kome (1. Pet. 1,10f). Simeon og Anna, dei venta spent i tempelet på tida som skulle kome med trøyst for Israel (Luk. 2,25). Men ikkje vi. Vi skal ikkje vente lenger. Frelsaren er fødd. Den nye tida har starta. Guds Son har tatt bustad mellom oss. Det finst menneske som kan fortelje at dei såg hans herlegdom, ein herlegdom som den einborne Sonen har frå Far sin, full av nåde og sanning (Joh. 1,14).

Adventstid er ventetid, heiter det. Og det er rett, vi ventar på å høyre budskapet ein gong til. Vi førebur oss til å høyre juleevangeliet lese i kyrkje og stove.

Vi må berre ikkje leve som om Frelsaren ikkje var fødd! «Han var i verda, og verda har vorte til ved han, men verda kjende han ikkje», står det i Joh. 1,10. «Han kom til sitt eige, og hans eigne tok ikkje imot han.» Idag skal du ta stilling til Jesus. Så kan du høyre evangeliet denne julehelga og vite at det gjeld deg!

LAT OSS IKKJE GÅ OG TEIE LENGER!

«Englane sang den først for markens dyrder; skjønt fra sjel til sjel det lød: Fred over jorden, menneske, fryd deg! Oss er en evig Frelser født!»

Frå sjel til sjel har julebodskapen tont. Det kom til ei bestemor ved barnesenga og til læraren på skolen. Tonen stoppa ikkje med dei, vi og fekk høyre den. Mange tok imot budskapet som dei høyrde og nytta retten til barnekår hjå Gud.

Men sidan vart tonen reint for lydlaus. Det er folk som seier at dei ikkje kan høyre den nokon plass. Ikkje eingong hjå deg og meg.

Er ikkje budskapet for alle? Har ikkje generasjonar etter oss óg rett til å verte Guds barn, om dei tar imot Jesus? Enno dirrar lufta av englesong frå Betlehemsmarka. Men vi må sjå til at det blir ei fortsetjing, slik at det er mogeleg å høyre songen i vår tid óg.

Vi vil ikkje vente lenger. Vi vil ikkje teie lenger. Lukkeleg vil vi prise Gud for Jesus og for retten til å verte Guds barn. Vi vil gjere det i dag og i denne jula. Tonen frå himmelen må aldri stilne, men gje atterklang i røyster som prisar Guds namn.

Ole D. Hagesæther

JULESPEL I ARNA KYRKJE

Onsdag 21. des. kl. 19 har Rostadheimen det radisjonelle julespelet i Arna kyrkje. Vi minner spesielt om dette. Det er ei fin stund i kyrkja som ein gjerne ville at fleire skulle få del i. Rostadheimen seier sjølv at det er eit «overskuddsforetagende som i hovedsak innøves på medarbeidernes fritid». Desse julespela som Rostadheimen gjer bruk av er henta frå den tyske byen Oberufer. Dette er middelalderspel som er henta fram att. Musikken og songane er og av gamal dato. Elles er det som engelen seier: «Det vi skal vise frem her i kveld er ikke noe vi har funnet på selv. Det stammer ei heller fra hedensk jord, Alt er hentet fra Skriftens ord».

Onsdag 21. des. kl. 19 vonar vi mange har funne veien til kyrkja og, og ikkje minst, seier vi velkomen til dei glade og festlege aktørane frå Rostadheimen.


Om å finne plassen sin i kyrkja

Om plassen i kyrkja kan ein seia mangt. Det det denne gongen dreier seg om er kort og godt at folk flest sit for langt bak i kyrkja. Det gjeld ved gudstenester, men og i andre høve. Å setja seg under galleriet gjev stor avstand fram til koret. Det er vanskeleg å kjenne kvarandre på den avstanden. I kyrkja skal vi fungere som eit fellesskap, difor spreier vi oss ikkje utover, men set oss saman og fyller opp fremste halvdel av kyrkja først. Om det kjem nokon litt seint er det god plass bakover.

Dette er meint som ei vennleg påminning, og framfor alt — velkomen til kyrkje.

Misjonsteigen

Eg seier dykk:
«Lyft augo
og sjå åkrane,
korleis dei kvitnar
mot hausten!» Johs. 4, 35b




Så hørde eg Herrens
røyst: «Kven skal eg
senda, og kven vil
gå for oss?»
Jes. 6, 8a

Åshild Mæstad

har greidd overgangen godt frå Espeland til Tanzania. For henne var det mest som å koma heim. Då ho pakka ned sakene sine i Kenya for 7 år sidan, tenkte ho vel ikkje at det skulle gå så lang tid før ho kom tilbake. Noko mugg var det nok, men Afrikas sol og eit kolstrykejern gjorde underverker.

På Waama Bibelskule i Tanzania der ho no underviser, er det 64 elevar fordelt på fire internat.



Gunnlaug Bøyum i Japan



Fred

fortel i siste brev om å ha lause teltpggar. Etter gode år i Yokkaichi i Mie fylke, måtte ho på kort varsel overta det daglege ansvaret for kyrkjelyden i Kavanishi.

Før ho forlet Mie opplevde ho at tre kvinner vart døypt i Suzuka kyrkje. Dei vart nådd med evangeliet via hardangersaum, koke- og engelsk-klasse, ei frå kvar. «Kjærlyghet oppfinnsomhet gjør. Gud vil åpne deg en dør.»



Misjonærnytt

Målfrid Sandvik og Chance Emanuel Aoudi giftar seg nyttårsaftan.

Adr. til brudeparet er:
Mbé, Bp 658 Ngaoundéré,
CAMEROUN

Vi ynskjer Guds rike signing over samlivet og tenesta i Guds rike!

Misjonssamvær i openberringstida

08. januar kl. 16.00: Borgarfesten i Lone bedehus.
15. januar kl. 11.00: Misjonsgudsteneste i Arna kyrkje.
22. januar kl. 17.00: Misjonsfest i Arna bedehus.
Sjå kunngjeringar i aviser og på plakatar!

Openberringstida


er tida etter nyttår. Den varer omlag ein månad. Som advent er ei førebuingstid til jul er openberringstida ein fordjupingstid etter jul. Då skal vi svare på spørsmålet: Kven er han som vart født av Maria møy i så ringe kår i Betlehem. Det var han dei vise menn bøygde kne for slik vi kjem til å høre det på Kristi

openberringssøndagen 8. jan. Nettopp med utgangspunkt i dei vise menn frå austerland fokuserar vi i openberringstida på misjonsoppdraget. I begge kyrkjene vert 8. jan. misjonssøndagen. Same søndag er den tradisjonelle Borgafesten i Betania. 22. jan. er den årlege misjonsfesten i bedehuset i Indre Arna.

Kjell Nese



Kyrkjetenaren på Malitur



Svein Mjelde har ei kusine, Hild Astrid Valle, som er misjonær i Mali. No i haust fekk han draumen oppfylt om å gjesta dette misjonslandet. Vi bed han fortelja litt.

1. *Kva var fyrsteintrykket da du kom ut av flyet i Bamako (hovudstaden)?*

Varmen! Det var 34 gr C, og det var uvant for meg.

2. *Noko du opplevde på køyreturen frå flyplassen?*

Alle mopedane med og utan skilt. Drosjane var eit kapittel for seg. Ingen av dei ville ha gått gjennom hos dei bilsakkunnige i Norge.

3. *Kva tykte du om Bamako, verdas største by (i omkrins)?*

Stor fattigdom og mykje tigging. På jernbanestasjonen gjekk det særleg hardt for seg. Og så var det marknaden og pruting på varer. Der var Hild Astrid ein meister.

4. *Kva med togreisa frå Bamako til Mahina?*

Den tok 8 timar. Så snart toget stoppa på ein stasjon, var det fullt av folk som ville sel-

ja varer, mat i alle Mali-variasjonar. Kvinne hadde store korgar på hovudet, gjerne fleire oppå kvarandre, og på baken sat eit småbarn i eit knyte.

Termittuene langs vegen, var svære. Slapp termittane til, kunne dei gnaga seg gjennom treverk på kort tid.

5. *Opplevde du noko spesielt i Bafoulabé (senteret for misjonsarbeid)?*

Ja, møte med fleire nasjonale kristne. Kor var Hild Astrid stasjonert?

I Oussoubidiana. Dit køyrde vi med bil. Det gjekk an no i tørketida, men i regntida går det ikkje.

7. *Noko du vil hugsa særleg godt?*

a) Gudstenesta i kyrkja i Oussoubidiana. Frisk song til trommeapponnement. Vitnemål midt under gudstenesten.

b) Ekte malikost koka av innfødte. Det smaka godt, men var ikkje så godt for norske magar.

c) Flodhestsafari med pirog på Senegal-elva.

8 *Sterkaste opplevinga?*

Minnesamværet etter Mahanne.

Han vart berre vel 30 år. Foreldra og to småbrødre var dei første som var døypte i Oussoubidiana. Mahanne var da i 20-åra. Han fekk ein Bibel av misjonær Jon Bovim, og den las han mykje i, men han vart ikkje døypt før på vårparten i 94. Så vart han sjuk og skulle til Bamako for å verta operert. Undervegs stogga han nokre dagar i Brafoulabé. Der vart det sagt om han: «*Han sit og vitnar heile dagen.*» Han døydde før operasjonen og fekk ei kristen gravferd i Bamako. Men heime i Oussoubidiana visste kona ingenting. Telefonsamband var det ikkje, og i tropene må gravferda vera innan 24 timar.

— Far til Mahanne var død tidlegare, så no var det han som var sjefen i familien. Sjølv hadde han kone og to små born.

Hild Astrid, Sveins kusine, kjende familien godt. Mor til Mahanne kom og bad Hild Astrid og gjestane frå Noreg heim til deira tun. Der sat enkja svartkledd på ein benk. Etter deira skikk skal ho sitja slik i 40 dagar. Familien skal så avgjera korleis dei skal hjelpe henne.

Til minnesamværet møtte mykje folk, m.a. landsbysjefen som var muslim. Jamvel han gret. Så det synt seg at Mahanne var ein høgt vurdert og opptilsett mann. Svein fortel at dette minnesamværet var noko av det mest gripande han hadde vore med på.

50-års konfirmantar i Ytre Arna



50-års konfirmantane var samla i Ytre Arna kyrkje søndag 2. oktober.

1. rekke frå venstre: Bjørg Klakegg, f. Eide, Else Arnatveit, f. Nilsen, Elsa Rødseth, f. Iversen, Oddbjørg Rosenlund, f. Faugstad.

2. rekke frå venstre: Arthur Andreas Lien, Magnus Haugland, Otto Ådland, Ole Johan Bernestangen, Knut Loftås.

3. rekke frå venstre: Birger Loftås, Kjell Nese, Agnar Mikkelsen.

NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



Døypte

Arna sokn:

- 09.10: Erlend Pettersen
09.10: Henriette Ødegård, døypt i Bergen døvekirke
16.10: Stina Selstø Greve
23.10: Susann Rading Stokke, Marte Bøe, Marie Dymbe, Åshild Drægebø
23.10: Else-Johanne Hjortland, døypt i Ytre Arna kyrkje
13.11: Elin Loftås, Vegard Thunestvedt, Håkon Dale, Ivan Litlekalsøy Landhaug, Jørgen Johan Valestrand Tjønneland
20.11: Stian Helland Haugland, Karina Olausen.

Ytre Arna sokn:

- 23.10: Else-Johanne Hjortland
30.10: Stian Alexander Sellevold
13.11: Mari Serine Mollandøy
27.11: Jan Olav Midttun, Michael Jakobsen



Vigde

Arna sokn:

- John Roger Engesæt og Elin Meyer. Vigde i Ytre Arna kyrkje

† Døde

Arna sokn:

- 12.10: Lilly Jenny Andersen, f. 1924
18.10: Marta Hartveit, f. 1895
23.10: Hjørdis Rosvoll, f. 1910
03.11: Leif Hansen Kismul, f. 1910
05.11: Oliver Mellesdal, f. 1898
07.11: Alfred Johan Otterstad, f. 1902
10.11: Brita Lie, f. 1901

Ytre Arna sokn:

- 04.09: Brita Askeland, f. 1906

- 27.10: Kåre Mathias Herland, f. 1924
28.10: Solveig Ervik, f. 1916
09.11: Alfred Masdal, f. 1916

Ofringar

Arna sokn:

- 16.10: Kyrkjelydsarbeidet kr. 2711,-
23.10: Bergen Søndagsskolekrets kr. 4333,-
30.10: Kyrkjelydshuset kr. 1725,-
06.11: Kyrkjelydsarbeidet kr. 6602,-
13.11: Dåpsopplæring kr. 4928,-
20.11: Den Indre Sjømannsmis. kr. 2148,-

Ytre Arna sokn:

- 23.10: Bergen Søndagsskolekrets kr. 2774,-
30.10: Muhammedanermisjonen kr. 1363,-
06.11: Menighetsfakultetet kr. 1534,-
13.11: Kyrkjelydshuset kr. 912,-

Nyttårsfest for eldre i Ytre Arna

Ytre Arna sokneråd og Ytre Arna Sani-
tetsforening arrangerer nyttårsfest for eldre
på Sentrum søndag 15. januar kl. 16.00.

Sjå eige innlegg i kyrkjelydsbladet for Ytre
Arna.


Fellesmøte i Ytre Arna kyrkje 12. februar 1995

På bibeldagen 12. februar vert det felles-
møte i Ytre Arna kyrkje kl. 19.00. Pinseme-
nigheten, Indremisjonen og kyrkja går sa-
man om dette møtet.

Nærare kunngjering i neste kyrkjelyds-
blad.

Kyrkjestyss Haukeland/Unneland

04. des. Berit Haugsvær tlf. 55 24 08 15
11. des. Sverre Myklebust tlf. 55 24 29 05
18. des. Oddmund Skjoldal tlf. 55 24 28 76
25. des. 1. juledag. Ingrid Hope
tlf. 55 24 08 08
26. des. 2. juledag. Jens Hauge
tlf. 55 24 01 43
01. jan. Nils Minde tlf. 55 24 01 54
08. jan. Berit Haugsvær tlf. 55 24 08 15
15. jan. Sverre Myklebust tlf. 55 24 29 05
22. jan. Oddmund Skjoldal tlf. 55 24 28 76
29. jan. Ingrid Hope tlf. 55 24 08 08



Vinnarar av hovudlotteriet til Kyrkjelydshuset i Indre Arna

- 01 Maleri: Aslak Lavik
02: Kaffitrakter Hjørdis Matter
03: Brodert bilde: Janette Garnes
04: Kaffitrakter: Fam. Hekland
05: Årsur: Kari Minde
06: Sengesett: Odd Kjos
07: Rosemåla fat: Geir Ove Clausen
08: Rosem. smykseskrin: Dagfinn Boge
09: Ribbe: Anette Myklebust
10: Ribbe: Trygve Helge Kleppes-
tø
11: Koppesett: Knut Haugsvær
12. Kasse eple: Eva og Lars Taule
13. Strikka genser: Bjørg Holmås
14. Dampstrykejern: Knut Allan Hjelle
15. Kaffisett: Laura og Per Eide
16. Vevd bilde: Bodil Numark
17. Kasse eple: ... Hjørdis og G. Strandenes
18. Brodert duk: Sigrund Arefjord
19. Skidress: Brynhild Skjelbreid
20. Varmevifte: Eli Tepstad
21. Pyntefat i keram.: Berit Dagestad
22. Sengesett: Fam. Erstad
23. Sølvbrikke: Åslaug Ljones
24. Brodert bilde: Oddbjørn Børseth
25. Strikka barnegenser: Karen Sebak
26. Strikka barnegenser:
Fam. Sigm. Kleiveland
27. Strikka barnegenser:
Gullborg Tufteland

Ekstralotteri: Dekket bord m/kjeramikks-
vice: Rolf Oen

Velkommen til kyrkje

11. DES. 3. s. i advent — Matt. 11, 11-19
Arna kl. 11. Prest Lyder Bergesen. Dåp. Takkoffer til Blå Kors.
Ytre Arna kl. 11. Prost Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydshuset.
18. DES. 4. s. i advent — Joh. 3, 26-30
Arna kl. 11. Prost Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Arna kl. 16. JOLEKONSERT. «Vi syng jula inn» m/Musikklaget Janus, Unne-
land Songlag, barnekor m.fl. Andakt. Olav Vikse leiar. Kollekt. Arr. Musikkla-
get Janus/vik.org.

ARNA GRAVFERDSBYRÅ

Espeland



Kåre Bj. Hope

Tlf. 55 24 08 08 - Mobiltlf. 945 01504

Står til teneste med alt ved dødsfall

SAMDALS

BYRÅ
JONSVOLLSGATEN 1

90 19 80 hele døgnet

Kommer også hjem for samtale.

J. Teigland tlf. privat: 55 24 22 23



KIRKENES SOS

Treng du nokon
å snakka med?

Ring 32 32 00
frå klokka 19 til 07
alle dagar

eller mellom klokka 10 og 14
måndag til fredag.

RUTH STEPHANSEN

SONETERAPEUT NFS
Soneterapi Øreakupunktur



Moldalia 28 B
5230 Espeland
Tlf: (55 24 00 83)

ARNA PRESTEGJELD

Arna kyrkjekontor, Borgstova, Indre Arna: Tlf. 55 24 04 00 og 55 24 02 15.

Kontortid: Tirsd., onsd., fred. kl. 10.00-12.00.

Torsdag kl. 17.30-19.00.

Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jepsensv. 39: Tlf. 55 24 85 46.

Kontortid: Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Kyrkjegardane i Arna: Tlf. 55 24 05 69. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-11.00.

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, Boks 11, 5260 Indre Arna

Redaktørnemnd: Klara Ulveseter, Sturle Monstad, Asle Reigstad og
Magne Mestad.

Bladpengar: Kr. 35,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.
Postgironr. 0805 3104445

Trykt av Grafisk Forum A/S, Ytre Arna

Spesialforretning i blomster

Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.
Pynting av kirke,
konsert- og forsamlingslokaler.

Espeland Gartneri

5230 ESPELAND, TLF. 55 24 08 09
ARTHUR HOPE

Frøydís SALONGEN

Garnesveien 41 - Indre Arna
Tlf.: 55 24 00 68

Stedet for moderne og
fagmessig hårdesign

Dame • Herre • Brudepynting

Fagkunnskap gir
trygghet



10% for pensjonister alle dager.



I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, kon-
firmasjon og barnedåp.

Kleveland A.S.
Ur og Gullsmed

5260 Indre Arna - Telefon 55 24 04 96

BLOMSTER

til enhver anledning!
Ring vår blomstertlf.

55 24 25 95

K.a.s. Sarepta

5260 Indre Arna

Din lokale storbank i Arna!

KKREDITKASSEN

Filial Arna - tlf. 55 24 05 20

Vi reparerer alle typer
husholdningsapparat.
Monterer TV-antenner,
også TV 2.

**Litangen
Husholdningsservice,
Garnes
Telefon 55 24 02 87**

Fra side 13

- Arna kl. 20. JOLEKONSERT.** Kap. Trygve Johansen, andakt. Arna kyrkjekor, Arna kammerkor, Haukeland Songlag, Arnavågen musikklag m.fl. Kollekt. Arr. vik.kantor.
- Ytre Arna kl. 20. JOLEKONSERT.** Prost Kjell Nese. Kyrkjekoret. Arne musikkforening. Arne Sangforening. Kollekt.
- Trengereid kl. 11.** Kap. Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer til Menighetsfakultetet.
- 24. DES. Jolafra — Luk. 2,1-14**
- Arna kl. 14. FAMILIEGUDSTENESTE.** Kap. Trygve Johansen. Betania barnekor, Lone Skulemusikk. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
- Arna kl. 15.15. FAMILIEGUDSTENESTE.** Kap. Trygve Johansen. Barnerøster, Arna Barnekantori, Indre Arna Skulemusikklag. Takkoffer til Mirkens Nødhjelp.
- Arna kl. 16.30. FAMILIEGUDSTENESTE.** Kap. Trygve Johansen. Takkoffer til Diakoniutvalet.
- Ytre Arna kl. 15. FAMILIEGUDSTENESTE.** Prost Kjell Nese. Ytre Arna barne- og ungdomskor. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
- Ytre Arna kl. 16.15. FAMILIEGUDSTENESTE.** Prost Kjell Nese. Ytre Arna barne- og ungdomskor. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
- Trengereid kl. 14. FAMILIEGUDSTENESTE.** Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
- Takvam kl. 15.30. FAMILIEGUDSTENESTE.** Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
- 25. DES. 1. juledag — Joh. 1,1-14**
- Arna kl. 11. HØGTIDSGUDSTENESTE.** Prost Kjell Nese. Nattverd. Arna kyrkjekor. Takkoffer til Det norske Misjonsselskap.
- Ytre Arna kl. 11. HØGTIDSGUDSTENESTE.** Kap. Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer til Det norske Misjonsselskap.
- 26. DES. 2. juledag — Matt. 10,32-39**
- Arna kl. 11.** Kap. Trygve Johansen. Dåp. Takkoffer til kyrkjelydshuset.
- Trengereid kl. 11. HØGTIDSGUDSTENESTE.** Prost Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til Det norske Misjonsselskap.
- 31. DES. Nyttårsaften**
- Arna kl. 23.15. MIDNATTSMESSE.** Kap. Trygve Johansen.
- Ytre Arna kl. 23.15. MIDNATTSMESSE.** Prost Kjell Nese.
- 01. JAN. Nyårsdag — Luk. 2,21**
- Arna kl. 11.** Kap. Trygve Johansen. Dåp.
- Ytre Arna kl. 11.** Prost Kjell Nese. Nattverd.
- 08. JAN. Kristi openberringsdag — Luk. 2,41-52**
- Arna kl. 11.** Prost Kjell Nese. MISJONSDAG. Nattverd. Kyrkjekaffi.
- Arna kl. 19.30. KONSERT.** Haukeland Songlag. Nyttårskonsert.
- Ytre Arna kl. 11.** Kap. Trygve Johansen. MISJONSDAG. Nattverd. Kyrkjekaffi.
- 15. JAN. 1. s.e. Kr. openb. — Matt. 3,13-17**
- Arna kl. 11. FAMILIEGUDSTENESTE.** Kap. Trygve Johansen. Dåp. Takkoffer.
- Ytre Arna kl. 11.** Prost Kjell Nese.
- 22. JAN. 2. s.e. Kr. openberr. — Joh. 2,1-11**
- Arna kl. 11.** Prost Kjell Nese. Nattverd.
- Trengereid kl. 11.** Kap. Trygve Johansen.
- 29. JAN. 3. s.e. Kr. openberr. 2. Kong. 5,1-5, 9-15**
- Arna kl. 11.** Kap. Trygve Johansen. Dåp. Takkoffer.
- Ytre Arna kl. 11.** Prost Kjell Nese. Nattverd.
- Takvam kl. 16. UNGDOMSGUDSTENESTE.** Prost Nese.